



Sundagsskule som måndagsskule hadde ein god start

Bedehuset i bygda har eit tilbod for dei fleste, nærare bestemt frå dei som er 3 år og oppover utan øvre grense. Og ikveld har det vore sesongstart over heile fjøla og det med godt oppmøte. 15 møtte på det som ein gong var sundagsskule men som no er måndagsskule med ny vri etter ein periode som laurdagsskule. Og det kom omtrent like mange i 6 år gamle Hobbyklubben som stiller med nye og spennande aktivitetstilbod. Leiarane Nelly Kjærland og Tore Mathiesen er svært godt fornøgde med frammøtet.



Kjøkenavdelingen i Hobbyklubben fekk terningkast 6 i kveld. Frå venstre står Stine Soldal, Oddbjørg Heimark, Rebecca Hølleland Hauge, Veslemøy Haugland og Sunniva Ersland Myklebust

Det er altså ikkje berre dagen som er justert for det som før var søndagsskulen, I tråd med opplegget som er kalla 'Sprell levande søndagsskule' er det skjedd en programdeling i Gullivergjengen og Tårnagentane der den første er berekna på dei frå 3 år til 1. klasse og den andre på dei frå 2. til 4. klasse.

Dei to startar saman med mellom anna song og bibelforteljing men held fram kvar for seg med opplegg som er svært så hemmelege. Men det var i alle fall klart at agentane i kveld sysla mykje med friluftsliv.



Jon Harald Kjærland leia agentane

Det kjem også Hobbyklubben til å gjera i denne nye sesongen og Jon Harald Kjærland leiar den nye gruppa. Tore Mathiesen startar ei gruppe som driv med programmering av legorbotar og Svanhild Haugland skal ta seg av ei tekstilgruppe.



Programringen i full gang, fra venstre sit Sindre Ullebust Feet, Marius Seim Myklebust, Tore Mathiesen, Johannes Haugland og Kjartan Tungesvik

Veteranane Ola Matti Mathisen og Britt Torill M. Mathiesen held fram med Uskedalsposten med god ungdommeleg hjelp og Oddbjørg Heimark leiar kjøkegruppa som slår til med

velsmakande saker når arbeidsøkta er over.

I kveld fekk klubben ein ny dimensjon også i ein annan forstand

- Svanhild Hauglands pianospel.

Og onsdag frå 9.30 til 11 er det sesongstart for småbarnstreffet som er annakvar onsdag og er for dei opp til 6 år.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Svanhild Haugland ga Hobbyklubben ein ny dimensjon